

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar: Adelin Hanstveit Hjellvik
Vår: 20/7479 - 20/21453

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
24.04.2020

Svar på søknad om ny avkjørsel frå KV 1042 - gbnr 123/141 og 123/185 Rissundet

Tiltak: Etablering av ny avkjørsle til gbnr 123/141 og bnr 185
Byggestad: Gbnr 123/141 og Gbnr 123/185 Risasundet
Tiltakshavar: John Eilert Solheim
Ansvarleg sækjar: Arkoconsult AS

Saka gjeld søknad om felles avkjørsle til gbnr 123/141 og 123/185 over regulert kommunal snu hammar.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å etablere felles avkjørsle til gbnr 123/141 og 123/185 over regulert kommunal snuhammar.

Vurdering/drøfting:

Det er ikkje mogleg å etablere avkjørsle til gbnr 123/141 utan at delar av avkjørsla vert vert lagt over kommunal snuhammar. Det er ei fordel av avkjørsle til gbnr 123/141 og 123/185 vert felles. Eigedomane har i dag same eigar.

Avkjørsle skal etablerast over kommunalt snuhammar. Sjølv om kommunen tillett etablering av avkjørsle over kommunal snuhammar skal snuhammaren være tilgjengeleg for allmenn bruk. Kommunen opprettheld snuhammaren då kommunal veg går over i ei regulert gang og sykkelveg. Det er berre tillete med køyring til eigedom som har avkjørsle frå gang og sykkelvegen. Andre kjøretøy skal snu på kommunalt snuareal, men unntak av bossbil og utrykkingskjøretøy.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje løyve til etablering av avkjørsle over kommunal snuhammar under føresetnad av snuhammaren er open for fri ferdel.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal snuhammar for einebustad på gbnr 123/141 og einebustad på gbnr 123/185. Løyve vert gitt med heimel i Veglova § 40-43 med tilhøyrande regelverk. Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle frå offentleg ved som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova § 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Avkjørsle er plassert der kommunen har ei snuhammer. Snuhammaren skal være open for allmenn ferdsel. Det er ikkje lov til å bruke kommunalt snuareal til parkering eller hensetting av hinder som kan hindre bruk av snuarealet.
- Kommunen sett også krav om at det i siktsona ikkje skal være sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Dette gjeld parkering, mur, gjerde, andre tiltak som kan ta sikt, hensetting av sikthindringa og alle typer vegetasjon.
- Under avkjørsla skal det leggjast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSE
N